

INSPIRERT AV BYGNINGSLOVA

DIKT. Forfatter Helge Rykkja kjem i desse dagar med ei diktsamling om norsk natur- og kulturlandskap. Rykkja representerer Rød Valgallianse i Kragerø bygningsråd, og han har gitt ut ei politisk medviten samling, omkring «det norske» og om

plan- og bygningslova, som har vore ei inspirasjonskjelde. Kva er konsekvensane av at naturen blir stykka opp, seld og held nokon utanfor? Diktsamlinga heiter «bjørka til Dahl». Rykkja markerer i år 40 årsjubileum som forfatter.



Rune Timberlid

NY BYGDEKRIM FRÅ TIMBERLID

LITTERATUR. Forfatter Rune Timberlid frå Sogn og Fjordane er aktuell med ny krimroman. Boka heiter «Deadline» og blir lansert på festivalen «Heilt kriminelt» i Førde til helga. Den handlar om politibetjent Rolf Randen ved lensmannskontoret i Førde

som får telefon frå distriktssjefen i NRK Sogn og Fjordane. Han fortel at ein dyktig medarbeidar er forsvunnen. Boka er ei omfattande historie om menneskehandel, om samfunnsstøtter og frimurarar med mange og lumske svin på skogen.

LYDBOK

Slagferdige stubbar frå Sogn

Når ein sogning grip ordet, vert det lett prega av at «de'kje nøye om du lyge litt, berre praten gaor». Lokalkåsør Odd Njøs har kome med lydbok med stubbar og replikkar frå heimfylket.

For ti år sidan gav Odd Njøs frå Leikanger ut den første boka med stubbar og replikkar frå Sogn. Til saman har det vorte tre slike bøker: «...berre praten gaor» (1996), «De'kje nøye om du lyge litt» (1997) og «Godt paosmurt» (2000). Den fyrste har vore utseld lenge, og få er igjen av dei andre, men i staden for å trykke opp nye, valde forlaget Skald å gi ut lydbok.

Dette er blitt til ein dobbel-cd som forlaget gir ut i samband med 15-års-markeringa si.

Høgrøysta og stor i kjeften

Her er det stubbar kategorisert etter den strevsomme sogningen, fjellvande sogningen, den kulturelle, sakrale, politiske, utvatna og aldrande sogningen.

– Sognehumoren er ganske kort og fyndig, utan for mykje snikk-snakk. Sogningen likar ikkje folk som aldri kjem til poenget, men han legg gjerne på litt, fastslår Njøs.

Sogningen har tradisjonelt vorte sett på som høgrøysta og stor i kjeften. Vonde tunger vil ha det til at det er fordi busetnaden har vore så spreidd at ein har måtte gaule for å bli høyrd.

– Det seiest når ein sogning pratar, let det som ei geit som parlar på ei nerv (geiteperler som trillar over bjørkenever journ.anm); tørt og hardt, seier Njøs.

Allmenn humor

Humoren til sogningen skil seg lite frå resten av landet, og Njøs forsikrar om at dette har nasjonal verdi.

– Det er dei same tinga som er moro her som elles, bortsett frå at sognehumoren er kjapp. Sogningen får sagt utruleg mykje med få ord, understrekar han.

Det handlar om nabokranglar, sprit og sex, folk som er store i kjeften og får passet sitt påskrive, seier han.

Maktpersonar som doktorar, prestar og sorenskrivarar blir stadig karikerte.

– Det har nok med å ufarleggjere dei som en skyggar litt unna, trur Njøs.

Han hevdar hardnakka at dei fleste historiene er heilt sanne.

Som til dømes årdølen som stod i kø på Vinmonopolet. Han hadde sett seg lei på det urbane tyleprætet om vin som skulle passe til det eine og det andre, og då han endeleg kom fram til disken, freste han: Eg skal ha ei flaska brennevin som passar til tippekampen!

– Det er typisk sogningen, det. Han tek det på kornet, humrar Odd Njøs.

Kjent røyst

Odd Njøs er ei kjent stemme i Sogn. Han har vore fredagskåsør i NRK Sogn og Fjordane i over 20 år, ei sterk røyst i mannskorret i Leikanger, og han har vore tekstforfattar for den årlege Mannskorrevyen i bygda sidan 1960. I 1990 fekk han Kulturprisen i Leikanger kommune for allsidig kulturarbeid og flittig kjeftbruk. I 2000 mottok han kongens fortjenestemedalje i gull.

– Eg er ingen forfatter eller poet, men eg har vorte ein god observatør opp gjennom åra, seier den kveike 75-åringen.

Han er glad for at slagferdige replikkar blir nedskrivne.

– Det har vorte sagt utruleg mykje godt gjennom åra, som bør ta-kast vare på, meiner Odd Njøs.

GUNHILD AASLIE SOLDAL
gunhild.soldal@nationen.no



SKØYAR: Odd Njøs (75) frå Leikanger har hatt mykje moro med innsamlinga av stubbar og replikkar frå Sogn.

FOTO: SIMONE STIBBE

Eit utval frå lydboka:

• Smeden på Vik-Øyri utvandra til Amerika, men dukka opp at året etter.

– Kjemme du alt atte? undrast vijkjene.

– Ja, dei hadde smed der borte, svara han.

• Istova hans Jens hang det eit Jesusbilete med han Jens på ei side og bror hans på den andre.

– Eg visste han hang mellom to røvarar, sa han Eirik, men eg viste ikkje at det var kjennsfolk.

• En balestrending vart hanka inn med uvanleg høg promille i ein kontroll, men broren var ikkje imponert. – Kan godt henda det var både Noregs- og verdensrekord, men det var langt frå personleg rekord!

• Budeia las i avisa at det var så mange prostituerte i Oslo, og måtte få ei nærare forklaring på ordet.

– Hø! sa ho. Ta peng for slikt! Det er no berre ei nabobeine!

• Ferga var på veg inn Aurlandsfjorden, og turisten peika opp på ein høgdagard

– Bur det folk der oppe, ville turisten vite.

– Jau, svara aurlendingen, men dei er ville.

• Ein aurlending fekk spørsmål om næringsvegane i Sogn.

– Nei, dei går no i sikksakk oppetter fjellsidene, svara han.